



Nøkkelpersonar i laget: Alf Eidsvik, Anbjørn Høvik og Oddmund Soldal. Høvik gjekk no ut av styret

Den viktigaste saken under årsmøtet i idrettslaget ikveld var grusbaneplanen og møtet slutta samrøystes opp om den. Styret vil prioritera å søkje om midlar til anlegga. Hvis ei eventuell kommunal overtaking av arealet kan framskande prosjekta, får styret alle fullmakter til å gjere desse vurderingane og eventuelt inngå avtale med kommunen,

Idrettslaget meiner det er trong for ytterlegare areal til aktivitetsskapande anlegg i bygda og bed om at dette vert teke omsyn til i sentrumsplanen.

Leiar Alf Eidsvik peika på at laget no ikkje har nokon andre store prosjekt med unnatak av opprusting av Heio og meinte at vedlikehaldet vert ei større utfordring enn sjølve anlegget. No er det og igang arbeid med sentrumsanalyse og idrettslaget sitt prosjekt vert eit vjktig innspel til analysen. Det er viktig å tilpassa dei to til kvarandre, understreka Eidsvik.

Bjørn Olav Tveit la fram dei førebels planane til komiteen og i tillegg til kunstgrasprosjektet lanserte han mellom anna skatepark, klatrepark, sandvolleybane, bocciabane og parkeringsareal sør for skulen. Han streka under at det bør vera eit tilbod for folk i alle aldrar og at areala bør vera så allsidig utnytta som mogeleg. Men det vil neppe vera mogeleg å oppnå tippemidlar i år.

Det møtte berre 9 av ein medlemsflokk på 218 på årsmøtet og det var ein mindre nedgang medlemstalet i fjor. Men det var eit aktivt år med stor deltaking i aktivitetane i grupper og arrangement. Nettsida til laget er oppe og går men vert for lite brukt.

Økonomien får karakteristikken bra ettersom overskotet i fjor var 130 000 som i stor grad skuldast nøktern drift og gode

inntekter på arrangementa. Undergruppene er godt organiserte og styrer seg sjølve svært bra.

Dei som sit i styret etter årsmøtet er Alf Eidsvik, Oddmund Soldal, Arvid Hjelmeland, Knut Johannes Ripel, Siren Simonnes og Ingunn Myklebust. Det var vedteke innført støttemedlemskap for 200 kroner men kontingenten ellers vart ikkje endra.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

Skatepark

- Enkelt nærmiljøanlegg
- Fokus på uformell aktivitet i sentrum
- Fleire ulike aktivitetar kan bruke same anlegg, td sparkesykkel
- Kan lett knytas opp mot gangveggar
- Krev lite vedlikehald



Skatepark vert truleg ein del av aktivitetstilbodet